

# Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

## tysdag 05. mars 2024, kl. 18.00

Det møtte 37 personar med røysterett og 7 personar utan røysterett.

### Sak 1 Velkomen / opning

Marit Kvamen ynskte velkommen.  
Årsmøtet song «Nordmannen».

### Sak 2 Konstituering

- 2.1 godkjenning av innkalling  
Vart send ut digitalt (Bodstikka) 02.02.24  
**Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.**
- 2.2 godkjenning av saklista  
Vart send ut digitalt (Bodstikka) 02.02.24  
**Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.**
- 2.3 val av ordstyrarar  
**Vedtak: Gunn Inger Sture og Vegard Opheim**
- 2.4 val av skrivrarar  
**Vedtak: Gro Vetås og Stig Indrebø**
- 2.5 val av protokollunderskrivarar  
**Vedtak: Brit K. Sørland og Renathe Nilsen**
- 2.6 val av teljekorps  
**Vedtak: Aud Vetås og Johanna Seim**

### Sak 3 Årsmelding for 2023, med førebels rapport for arbeidsprogrammet 2023-2024

Renathe Nilsen la fram årsmeldinga og førebels rapport for arbeidsprogrammet. Ho trekte fram Vestlandsappleiken 2023, 17. mai og FolkOrg jubileum som store og samlande tilskipingar i laget i året som gjekk. Deretter snakka ho litt om kva dei ulike særleta har drive med i året som gjekk. Laget har hatt fokus på instruktørar og dugnad, og har td drive nettverksbygging for instruktørar gjennom fordjupingsprosjekt for ungdom og kurs i barnelaget.

Tilråding frå Rådet den 19.01.24: Årsmeldinga vert tilrådd godkjent av årsmøtet, med dei merknader som kom fram på møtet. Gledeleg med medlemsauke i alle aldersgrupper. Førebels rapport på arbeidsprogram vert teke til vitande

Desse hadde ordet i saka: Kristin Lygre.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2023 for Bergen ungdomslag Ervingen, og tek førebels rapport om arbeidsprogrammet 2023-2024 til vitande.

## **Sak 4 Rekneskap for 2023**

Live Havro Bjørnstad la fram rekneskapen for laget.

Frode Myhra la fram rekneskapen for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 26.02.24: *Rekneskap til Fonds- og egedomsstyret vert tilrådd godkjent av årsmøtet. Rådet tek tilråding av rekneskapen til laget på e-post, etter å ha fått oppklaring av nokre spørsmål..*

Tilråding frå rådet på e-post 01.03.24: *Rådet tilrår at årsmøte godkjenner rekneskapen for laget, med føresetnad om at revisor også har tilrådd godkjenning.*

Gunn Inger la revisjonsmeldinga.

Desse hadde ordet i saka: Ole Andre Sørensen Schei, Marit Kvamen og Torgrim Ljones.

### **Vedtak:**

- a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2023. Underskotet på kr. 207.220,- vert dekka av eiga.
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fond- og egedomsstyret 2023.

Matpause kl. 19.05 -19.25. Årsmøtet song «*Tytebæret*».

## **Sak 5 Endring av lov og styringsføresegner for Bergen ul Ervingen**

Marit Kvamen la fram saka frå styret  
Kristin Lygre la fram Dag Inge Bøe sitt framlegg.

Tilråding frå Rådet 19.01.24: *Lagstyret sitt framlegg til endring av lover vert tilrådd godkjent av årsmøtet. Rådet meiner at innhaldet i lovendringsframlegg frå Dag Inge Bøe vert ivaretatt av styret sitt framlegg.*

*Lagstyret sitt framlegg til endring av styringsføresegner vert tilrådd godkjent av årsmøtet, inkludert endeleg avgjerd om koret skal ha valt leiar eller konstituerer seg sjølv. Framlegg til endring av styringsføresegn frå Dag Inge Bøe vert ikkje tilrådd, men deler av innhaldet er ivaretatt av lagsstyret sitt framlegg.*

Desse hadde ordet i saka:

Sigrid Vinje-Christensen, Julian Ertel, Marit Kvamen, Kristin Lygre, Gunn Inger Sture, Live H. Bjørnstad, Anders Dåe Mæland, Thomas Reime Berthelsen, Vegard Opheim, Borghild Opdahl, Ingunn Skjelvan, Renathe Nilsen, Øystein Rambjørg og Torgrim Ljones.

## LAGSLOVA:

Vegard Opheim har samtala med Dag Inge (e-post) og Dag Inge trekk framlegga som er like styret sine (§2 og 3). Ingen andre opprettheldt desse.

- Framlegg om å retta opp i alle skrivefeil - **Samrøystes vedteke**.
- §6 Rusfritt miljø, framlegg om å erstatta setninga «*Ingen skal nyttा rusdrykk eller andre rusgifter på samkomer i laget*», til: «*Alle møteplassar i laget skal vere rusfrie*». – **Samrøystes vedteke**.
- §2 Medlemskap og lagspengar, framlegg om å legga til «*For å delta i særлага sine faste aktivitetar må ein vere medlem i laget og betale aktivitetsavgift*». - **Samrøystes vedteke**.
- §3 årsmøte. Framlegg om å endra setninga «*Det skal haldast årsmøte i laget kvart år, til vanleg innan 1. mars*» til . «*Det skal haldast årsmøte i laget kvart år, til vanleg innan 15. mars*». Framlegget vart nedstemt. (5 for og 25 mot).
- §3 Årsmøte, andre avsnitt. Framlegg om å legga til i ordlyden at årsmøtet fastset aktivitetsavgift. **Framlegget vart nedstemt**. (5 for og 25 mot).
- §3 Årsmøte. Framlegg frå Dag Inge Bøe om endring av ordlyd «... Årsmøtet skal vedta lagslov, godkjenna styringsføresegner, fastsetja lagspengane, ta stode til årsmelding, ettersett rekneskap, budsjett, arbeidsplan og andre saker som styret legg fram», til «*Årsmøtet skal vedta lagslov, godkjenna styringsføresegner, fastsetja ta stode til årsmelding, ettersjå rekneskap, budsjett, arbeidsplan og andre saker som styret legg fram*». Ordstyrarane minnar om at ettersett tyder revidert, og framlegget vart **avvist**.
- §7 oppløysing. Framlegg om endring, slik at lagslova er i tråd med vedtekter i Noregs Ungdomslag. Ordlyden er føreslege endra frå: «*Sluttar laget skal Hordaland Mållag og Hordaland Ungdomslag ta vare på og forvalta eiga i 15 år, og i denne tida freista å få laget i gang att. Lukkast ikkje dette, skal desse laga nyttå medelen i samsvar med føremålet i § 1*», til «*Blir laget lagt ned, skal styret i Noregs Ungdomslag sørge for at eventuell formue blir nyttå til å slette gjeld. Eventuell restformue etter dette skal bli nyttå til beste for ungdoms- og kulturarbeid på staden. Om styret ikkje gjennomfører oppløysing av laget innan 6 månadar etter nedlegginga, skal Noregs Ungdomslag gjennomføre oppløysinga. Medlemmane i laget har ikkje krav på medel eller delar av desse*». – **Samrøystes vedteke**.

Alle endringar i lova må opp på årsmøte to år på rad, med 2/3 fleirtal. Det vil seie at endringane som er vedteke på årsmøtet 2024 også må vedtakast på årsmøtet i 2025 om dei skal vera gjeldande.

## STYRINGSFØRESEGNER:

- Framlegg om å retta opp i rettskriving §5, §10 – **Samrøystes vedteke**
- Framlegg om å retta opp i korleis ein skriv ordet medlemer, §6, §7, §9 §10 og §11 – framlegg om å skriva det slik: «*medlemer*» - **Vedteke mot ei røyst**.

- §8 Ettersyn – framlegg om å erstatta ordet *turvande* med *nødvendig* – **vedteke mot 2 røyster.**
- §1 Lagsarbeidet. Framlegg om å endra ordlyden «*Laget vil arbeida med oppgåver i samsvar med §1 i lagslova. Prinsipprogrammet til Noregs Ungdomslag og norsk målreising bygd på prinsipprogrammet til Noregs Mållag skal vera grunnlag for lagsarbeidet*», til «*Laget vil arbeida med oppgåver i samsvar med §1 i lagslova. Prinsipprogramma til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag skal vera grunnlag for lagsarbeidet*». – **Samrøystes vedteke.**
- §6 Særlag og nemnder, pkt 8 del to, om songkoret. Framlegg om å endra «*Songkoret "Kor e' tonen" skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk. Styret skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer, og konstituerer seg sjølv*» til «*Songkoret "Kor e' tonen" skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk. Styret i koret skal ha leiar og, 2 medlemar og 2 varamedlemar*». - **Samrøystes vedteke.**
- §6 Særlag og nemnder, pkt 8 del to ein, om songkoret. Framlegg frå Dag Inge Bøe om å legga til ordlyden «*Koret skal ha profesjonell dirigent tilsett på marknadsmessig konkurransedyktige vilkår, i tråd med god skikk i bransjen og Creo sine tilrådingar*», samt endra ordlyden «*Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men bør møta på styremøta*», til «*Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men kan til styremøte kallast inn av styret. Dirigent har møterett*» - **Vedteke med 19 mot 16 røyster.**

## **Sak 6 Budsjett 2024**

Marit Kvamen la fram budsjettet for laget.

Frode Myhra la fram budsjettet for fond- og eigedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 26.02.24: *Budsjett for laget og Fonds- og eigedomsstyret vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Julian Ertel, Johanna Seim og Arnvid Underlid.

### **Vedtak:**

- |   |
|---|
| a. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2024 for laget.                   |
| b. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2024 for fond- og eigedomsstyret. |

## **Sak 7 Medlemspengar 2025**

Marit Kvamen la fram saka.

Tilråding frå Rådet den 26.02.24: *Medlemspengar for laget i 2025 vert tilrådd godkjent av årsmøte.*

Desse hadde ordet i saka: Kristin Lygre.

### **Vedtak:**

---

**Medlemspengar 2025:**

|                             |        |
|-----------------------------|--------|
| Vaksne                      | kr 800 |
| Barn og ungdom t.o.m. 26 år | kr 500 |

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 500,- pr. år. (250,- pr halvår)

Medlemar over 14 år, som også er medlem i FolkOrg og / eller Norges Korforbund betalar dette utover dei fastsette medlemspengane og aktivitetsavgifta.

**Sak 8 Fråsegner**

Ingen framlegg til fråsegner.

**Sak 9 Val**

Leiar i valnemnda, Borghild M. Opdahl la fram saka på vegne av valnemnda.

Desse hadde ordet i saka:

Vedtak:

**Lagsstyret**

|            |                           |                         |
|------------|---------------------------|-------------------------|
| Leiar      | Marit Kvamen              | Attval, 1 år            |
| Medlem     | Live Havro Bjørnstad      | Attval, 1 år            |
| Medlem     | Thomas Reime Berthelsen   | Ny, 2 år                |
| Medlem     | Renathe Nilsen            | Attval, 2 år            |
| Medlem     | Dagrunn Slettebø Daltveit | Ny, suppleringsval 1 år |
| Varamedlem | Robin Van de Walle        | Ny, 1 år                |
| Varamedlem | Inga Myhr                 | Attval, 1 år            |
| Varamedlem | Johanna Mjeldheim         | Attval, 1 år            |

**Rådet**

|        |                       |                        |
|--------|-----------------------|------------------------|
| Leiar  | Borghild Marie Opdahl | Attval 1 år            |
| Medlem | Gunn Inger Sture      | Attval, 2 år           |
| Medlem | Brit Sørland          | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Stig Indrebø          | Attval, 2 år           |

|            |                  |                        |
|------------|------------------|------------------------|
| Medlem     | Grete Oline Hole | Ikkje på val, 1 år att |
| Varamedlem | Hans Nyeggen     | Attval, 1 år           |
| Varamedlem | Sverre Sundvor   | Attval, 1 år           |

#### Fond- og eigedomsstyret

|        |                 |                        |
|--------|-----------------|------------------------|
| Leiar  | Arnvid Underlid | Attval, 1 år           |
| Medlem | Frode Myhra     | Attval, 2 år           |
| Medlem | Bjørn Feltens   | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Knut Arne Vedå  | Attval, 2 år           |
| Medlem | Vegard Opheim   | Ikkje på val, 1 år att |

#### Folkedanslaget

|        |                      |                        |
|--------|----------------------|------------------------|
| Leiar  | Gunn Inger Sture     | Attval, 1 år           |
| Medlem | Stig Indrebø         | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Steinar Rognsvåg     | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Ingvild Sunde Stokke | Ny, 2 år               |
| Medlem | Gunvor S. Heggland   | Ny, 2 år               |

#### Ungdomsgruppa

|        |  |              |
|--------|--|--------------|
| Leiar  |  | På val, 1 år |
| Medlem |  | På val, 2 år |
| Medlem |  | På val, 2 år |

Føreslår at årsmøtet vel at Ungdomsgruppa vert lagt til lagsstyret.

#### Barnelaget

|       |               |              |
|-------|---------------|--------------|
| Leiar | Karin Møssler | Attval, 1 år |
|-------|---------------|--------------|

|        |                         |                        |
|--------|-------------------------|------------------------|
| Medlem | Trille Karoline Oppedal | Ny, 2 år               |
| Medlem | Yvonne Dahl             | Ikkje på val, 1 år att |

### Koret

|        |                     |                        |
|--------|---------------------|------------------------|
| Leiar  | Kristin Lygre       | Ikkje på val, 1 år att |
| Medlem | Henrik Lesjø        | Ny, 1 år               |
| Medlem | Julian Merlin Ertel | Attval, 2år            |
| Vara   | Rolf Arild Toppol   | Attval,1 år            |
| Vara   |                     | Ny, 1 år               |

### Jr.laget

|        |                 |                        |
|--------|-----------------|------------------------|
| Medlem | Helga Revheim   | Attval, 1 år           |
| Medlem | Therese G. Eide | Attval, 2 år           |
| Medlem | Vigdis Berg     | Ikkje på val, 1 år att |

Medlemane finn ein leiar seg i mellom, og gjev tilbakemelding til lagsstyret

### Audhilds

|            |                         |                        |
|------------|-------------------------|------------------------|
| Leiar      | Elise Hessevik          | Ny, 1 år               |
| Medlem     | Ingvild Sunde Stokke    | Ny, 2 år               |
| Medlem     | Johanna Seim            | Ikkje på val, 1 år att |
| Varamedlem | Thomas Reime Berthelsen | Ny, 1 år (ekstra)      |

### Hyttenemnda

|        |                 |                        |
|--------|-----------------|------------------------|
| Leiar  | Stig Vaular     | Attval, 1 år           |
| Medlem | Ingunn Skjelvan | Attval, 2 år           |
| Medlem | Hans Nyeggen    | Ikkje på val, 1 år att |

### Ettersyn

|                 |               |              |
|-----------------|---------------|--------------|
| Torbjørn Haukås | Attval, 1 år  |              |
| Einar Heggland  | Attval, 1 år  |              |
| Vara            | Elin Sletbakk | Attval, 1 år |

### Valnemnda

|        |                  |              |
|--------|------------------|--------------|
| Leiar  | Ingunn Skjelvan  | Attval, 1 år |
| Medlem | Irene Bjørke     | Ny, 1 år     |
| Medlem | Einar Heggland   | Attval, 1 år |
| Medlem | Eli Randmo       | Attval, 1 år |
| Medlem | Marthe Grønsveen | Ny, 1 år     |

Kvedargruppa vel eigen kontaktperson.

Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Ordstyrarane takka for seg. Marit takka for tilliten og oppmøtet, og takka alle om stiller opp ved ulike høve i laget.

Møtet slutt kl. 21.10

Skrivarar: Stig Indrebø og Gro Vetås



Brit K. Sørland



Renathe Nilsen